

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.	6.	Fylke:	Hordaland
Tilleggsspørsmålnr.		Herad:	Austevoll
Emne:	Folkelege musikkinstrument	Bygdelag:	Stolmen
Oppskr. av:	Johan Tufteland	Gard:	Gåsnes
(adresse):	S t o l m e n	G.nr. 18	Br.nr. 8 og 9

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

B o l k A

I) F e l e .

- 1) Nokre få har fele - 3 eller 4 på Stolmen der det er 250 menneske. Kallar instrumentet f e l a (ei). Bogen heiter f e l e b o g e .
- 2) Dei fyrste felene kom hit etter 1900. Det er få som kan spela på fele. Før brukte dei henne i danseleik. No brukar dei mest berre trekkspel der.
- 3) Fela vart ikkje laga her i bygda.
- 4) Som ei vanleg kjøpefele.
Elles ikkje noko serleg å nemna om dette instrum.

II) Hardingfela.

- 1) Det har vore berre ei eller to hardingfeler i bygda.
- 2) Kom fyrst hit kring 1900. No er det ingen som kan spela hardingfele her. Kristian Våge (1880 - 1938) kunne spela godt på dette instrum.
- 3) Hardingfela vart ikkje laga her i bygda.
Elles ikkje meir å nemna her.

(Absalon i Kjidnæ (ved Bjelkarøya sør^{for} Bergen) hadde ei hardingfele med fint utskore songbrett. Han var flink til å spela, men dei sa med han at Ole Bull gjekk att og spela på fela si med mygla fingrar. Då var Absalon redd og knuste

fela si).

- III) Nykkelharpe. Dette instrumentet er ikkje kjendt her.
- IV Vanleg harpe. Har heller ikkje vore brukt her. (Eit instrument dei kalla h a r p e l e i k var i bruk for 30 - 40 år sidan).
- V) Langeleik. Har ikkje vore brukt her.
- VI) Humle. Har ikkje vore brukt her.
- VII) Saamodikon. Har vore bruka i skulane før.
- VIII) Ropar. Har ikkje vore bruka til å syngja i.
- IX) Lur. Har ikkje vore brukt her. Her er trebert og lite vyrke å finna som høver til lurar. Her har heller ikkje vore saterdrift og gjøtslebruk.
- X) Prillarhorn. Har heller ikkje vore brukt.
- XI) Vanleg fløyte. Har heller ikkje vore brukt.
- XII) Andre fløyter. Om våren vert det skore fløyter av r a u n d. e. rognetre. Sume kan skjera halmfløyte av havrestrå. Kvassdåblomane går det an å blåsa i. Dei gjev høg fløytelåt.
- XIII) Sekkepipe. Har ikkje vore brukt her.
- XIV) Munnharpe. Kallar henne M m u n n s p e l (eit Vert mest brukt til leikety for borna. Men munnspelet vert stundom nytta til dans.
- XV) Spikarfele. Har ikkje vore bruka her.
- XVI) Tromme. Hå oss: t r o m b a (ei). Har længe vore bruka i brullaup. Det var berre kjøpe-;tromme dei brukte, og det var visse karar som var tamburar.

XVIII) Lirekasse. Det var ein på Stolmen som hadde lirekasse. Det var for oml. 30 år sidan. Lirekassen var so laga at dei snudde på ei sveiv og fekk låt i han på den måten. Elles veit eg ikkje meir om dette instrumentet.

B o l k B.

Byinstrument.


1) Det har vore (og er) få slike instrument ~~her~~ her i bygda. Det einaste er nok re gitarar og mandolinar som har kome til dei seinare åra. 3 - 4 trekkspel er her og. Dei vert bruka berre til danseleik. I 3 - 4 hus er det orgel. I 2 hus er det piano. Det er ~~in~~ ingen her i bygda som kan spela godt på desse instrumenta. Med fiskarar og reisande spelemenn har det kome mange slåttar til bygda. Det er ikkje laga slåttar eller tonar her i bygda.

B o l k C.

1) Larmeinstrument.

Hestaskratla (ei) har vore bruka av og til. Laga henne av trespiler og ein rund stokk som det var skore rifler i. Den som skulle „skramla“, heldt i sveiva og svinga heile skramla rundt. Bruka denne skramla til å skræma hestar med, og difor vart ho kalla „maraskratla“.

Ho såg slik ut:




Sume får låt fram ved å halda strå mellom fingrane og blåsa i dei. Neverspel har ikkje vore nytta, heller ikkje eolsharpe.

Komse (ei).

Komsa var vanleg laga av ein demisjang (firkanta spann av blikk) og ein stokk. Støytte komsa i golvet for å få fram takta og slo på strengene med ein stav. Stokken var oml. ein meter lang. Han var festa til demisjangen med strenger (ståltråd). I nedste enden var det påspikra eit stykke gummi. I øvste enden var det nokre blikkstykk som skramla når komsa vart støytt mot golvet. Der var ikkje noko inni demisjangen. Komsa vart gerre bruka i brudlaup.

Komsa såg slik ut:



B o l k D.

Mellomalderlege musikkinstrument er her ikkje.

Nokre andre måtar å „spela" på.

Å spela på sildehovud.

Brukar hovudet av ei lubbesild (ei søld som er røykt og turka). Riv sidene av hovudet so berre hausen er ått. Tek augo ut. Mellom augnehola er det ei tunn hinne. Når ein nynnar mot denne hinna, vert det låt. Før var dette vanleg ungesåel.

Å spela på kamb.

Legg eint tunt papir over ein kamb og nynnar mot han

Sume kan spela på sag. Dreg ein feleboge over kanten på eit sagblad og får fram fin låt av det.

Hard.
Austevoll. (Stolmen)

Stolmen den 30. juli 1948.

Til Norsk Folkemuseum,

Bygdøy.

Det er ikkje noko eksemplar av komsa her i bygda no. Dei vart laga for kvart høve t. d. eit bryllup, og dei fleste vart nok knuste før bryllupet var ende.

No har eg freista å laga til ei komse. Eg har aldri sett ei som har vore i aksjon, men etter det eg har høyrte skal denne vera på det næraste lik dei originale komsene. Det var elles ikkje nøye med forma på komsene, dei vart laga i ein fart av ymse vyrke som fanst for handa. Det var sikkert stor variasjon på dei, hovudsaka var at det let seg gjera å få til mykje ståk og skramling med dei, for dei skulle setja takt i dansen. Ein støyte komsa i golvet og slo på strengene med ein stav.

Denne komsa som eg har laga er det litt klang i og ein komseekspert hadde nok fått liv i laget med henne. Eg sender komsa snarast og vonar at ho kjem vel fram. Eg skal ikkje ha henne att, og eg skal ikkje ha noko for henne.

V y r d s a m t .

Johan Tjøfteland.